

● GJENNOMFØRT

Regionalt hovedprosjekt 2025

PUBLISERT 14. AUG. 2025 | OPPDATERT 31. OKT. 2025

Finansieringsordning: Støtte fra andre enn Forskningsrådet

Støttegrenser: Kr 1 000 000-5 000 000

Søknadsfrist: Løpende

Antatt tilgjengelige midler: Kr 5 000 000

Aktuelle temaområder: Regional utvikling

Prosjektvarighet: 12-36 måneder

Målgrupper: Næringsliv

Last ned alle filer

Viktige datoer

23. okt. 2025: Tidligste tillatte prosjektstart

Formål

Støtte forskningsbaserte innovasjonsprosjekt knytt til det marine næringslivet i Møre og Romsdal.

Prosjekta skal gi tydelege bidrag til grønne industrielle løft gjennom meir berekraftig og/eller sirkulær utnytting av ressursar frå havet og havbruk. Dette kan vere i form av berekraftig fôr, nye matprodukt, ny teknologi og produksjonsmetodar, og betre forsyningstryggleik.

SNARVEIER

↓ Om utlysningen

- ↓ Hvem kan søke?
- ↓ Hvem kan delta i prosjektet?
- ↓ Hva kan du søke om støtte til?

↓ Aktuelle temaområder

- ↓ Regional utvikling

↓ Praktiske opplysninger

- ↓ Krav til utforming
- ↓ Vurderingskriterier

Om utlysningen

Denne utlysninga byggjer opp under [Fylkesstrategien for forskning og innovasjon 2025–2028](#), og satsinga på den biomarine næringa. Målet med dei regionale hovudprosjekta er å bidra til kunnskapsbasert innovasjon i det havbaserte og biomarine næringslivet i Møre og Romsdal.

Prosjekta kan vere ei vidareføring av andre regionalt finansierte FoU-prosjekt, eller heilt nye initiativ.

Hovudprosjekta kan òg vere eit førebauande steg til eit planlagt prosjekt med finansiering frå Forskingsrådet, fortrinnsvis gjennom ordningane IPN eller KSP, eller andre nasjonale og internasjonale verkemiddel.

Alle søknader til utlysinga vil konkurrere om den same potten.

Hvem kan søke?

Målgruppa for denne utlysinga er bedrifter og bedriftsnettverk lokalisert i Møre og Romsdal.

Søkar må samarbeide med minst eitt [godkjent FoU-miljø](#). FoU-institusjonar frå regionen kan òg søkje dersom det skjer i tett samarbeid med regionale verksemdar.

Hvem kan delta i prosjektet?

Bedrifter, bedriftsnettverk og forskingsinstitusjonar som er geografisk lokalisert i Møre og Romsdal. Når ei stor verksemd søker (over 250 tilsette og over 50 mill Euro i omsetning og 43 mill i balanse), er det krav om samarbeid med minst ei SMB-verksemd i Møre og Romsdal. I prosjektet kan det samarbeidast med universitet, høgskular og FoU-institusjonar både innanfor og utanfor regionen. Bedrifter utanfor regionen kan delta i prosjektet, men vil ikkje få økonomisk støtte frå ordninga.

Hva kan du søke om støtte til?

Kostnader som gir grunnlag for støtte er relevante prosjektkostnader som personalkostnader, kjøp av FoU-tenester og andre relevante kostnader.

Det er krav om minimum 50 prosent eigeninnsats i prosjektet. Det er ikkje høve til å føre opp totalkostnader ved kjøp av utstyr – berre avskrivingskostnader for naudsynt forskingsutstyr i prosjektperioden kan førast opp.

[Sjå meir informasjon om kva budsjettet skal innehalde.](#)

Tilskot vert tildelt i samsvar med gjeldande EØS-regelverk for statsstøtte, [sjå artikkel 25 \(Støtte til forskings- og utviklingsprosjekt\)](#).

Aktuelle temaområder for denne utlysningen

Hovudprosjekta i RFF Møre og Romsdal skal høyre til minst to av dei følgjande temaa:

- Sirkulær utnytting av ressursar frå havet eller frå havbruk
- Reduserte utslepp og energibruk i fangst- og produksjonsprosessar
- Biomarin kunnskapsutvikling som gir ny teknologi, produksjonsmetodar og produkt
- Berekraftig fôr, sjømat og helsekost, og betre forsyningstryggleik

Forskingbaserte innovasjonar vil spele ei nøkkelrolle for å utnytte ressursane betre i verdikjedene.

Tilstrekkeleg forskingskapasitet og infrastruktur knytt til det stadig meir kunnskapsbaserte næringslivet i regionen er naudsynt.

Fylkeskommunen skal stimulere til utvikling av relevant og praksisnær kunnskap i forskning og utdanning som kan kome til nytte for bedriftene i regionen. Det handlar òg om å orientere seg mot den nasjonale og internasjonale teknologi- og kunnskapsfronten. Slik skal posisjonen til Møre og Romsdal som eksportregion styrkast gjennom utvikling av internasjonale nettverk og verdikjeder.

Regional utvikling

VAREPRODUSERENDE INDUSTRI SKOG OG TRE LANDBRUK OG MAT MILJØ, KLIMA OG FORNYBAR ENERGI MARITIM
MARIN HELSE OG VELFERD UTDANNING REISELIV/OPPLEVELSER/KULTUR REGION- OG STEDSUTVIKLING
VAREHANDEL OG TJENESTEYTENDE SEKTOR

Praktiske opplysninger

Krav til utforming

- Søknaden skal vere innanfor søknadstypen og føremålet med utlysinga.
- Prosjektet skal ha eit tydeleg forskingsinnhald.
- Ansvarleg søkar må vere lokalisert i Møre og Romsdal.

- Prosjektansvarleg og samarbeidspartnarar skal finansiere minst 50 % av prosjektkostnadene. Dette kan vere eigeninnsats og/eller kontantar. Ubetalt eigeninnsats blir ikkje godkjend.
- Prosjektet må vere organisert som eit samarbeid mellom minst eitt godkjent FoU-miljø og minst ei regional bedrift.
- Samarbeidspartane skal vere aktivt involverte i prosjektet, og aktiviteten deira skal synleggjerast i budsjettet og i prosjektbeskrivinga.

Prosjektbeskriving

- Må følgje malen, og alle punkt skal besvarast.
- Maksimalt 7 sider, inkludert referansar.
- Kan leverast på norsk eller engelsk.
- Sideformat: A4, med 2 cm marg, 11 pkt skrift og enkel linjeavstand.
- Ufullstendige prosjektbeskrivingar og søknader utan obligatoriske vedlegg vil bli avvist.

Vurderingskriterier

- Forsking og innovasjon – I kva grad representerer prosjektet ein ambisiøs innovasjon som er støtta av relevante FoU-aktivitetar av god kvalitet?
- Verknader og effektar – I kva grad legg prosjektet til rette for vesentlege gevinstar for søkerverksemda og partnarane, inkludert grunnlag for berekraftig utvikling og andre positive samfunnseffektar?
- Gjennomføring – I kva grad gir prosjektplanen eit godt grunnlag for å gjennomføre FoU-aktivitetane og realisere verdiskapingspotensialet?
- Regional relevans – Regional samfunnsmessig betydning for kunnskapsoppbygging og verdiskaping i regionen, og som støttar opp under prioriteringane i FoU-strategien for Møre og Romsdal 2025–2028.

Forskning og innovasjon | IP-Næringsliv

I hvilken grad prosjektet representerer en ambisiøs innovasjon som understøttes av relevante FoU-aktiviteter av god kvalitet.

- I hvilken grad innovasjonen representerer noe nytt.
- I hvilken grad innovasjonen retter seg mot tydelige behov eller nye markedsmuligheter for prosjektansvarlig og bedriftene som er samarbeidspartnere i prosjektet.
- I hvilken grad prosjektet bygger på relevant og oppdatert kunnskap.
- I hvilken grad prosjektet benytter relevante og anerkjente FoU-metoder.
- I hvilken grad FoU-aktivitetene er ambisiøse og nødvendige for å lykkes med innovasjonen.
- I hvilken grad prosjektet tar hensyn til forskningsetiske problemstillinger og/eller kjønnsperspektivet i forskningen.

Virkninger og effekter | IP-Næringsliv

I hvilken grad prosjektet legger til rette for en bærekraftig utvikling, positive virkninger og effekter for samfunnet og prosjektpartnerne, og i hvilken grad dette er godt beskrevet og sannsynliggjort.

- I hvilken grad prosjektet bidrar inn mot FNs bærekraftsmål.
- I hvilken grad prosjektet kan gi positive eksterne effekter for næringslivet, offentlig sektor og samfunnet generelt.
- I hvilken grad prosjektet vil gi betydelige bedriftsøkonomiske gevinster for prosjektansvarlig og bedriftene som er samarbeidspartnere.
- I hvilken grad planen for implementering av FoU-resultatene og realisering av gevinster er relevant og dekkende.

Gjennomføring | IP-Næringsliv

I hvilken grad prosjektet viser en realistisk og god plan for å gjennomføre aktivitetene.

- I hvilken grad prosjektet har solide og gjennomarbeidede mål, arbeidspakker, milepæler, ressursinnsats og relevante risikovurderinger.
- I hvilken grad prosjektet vil ha tilgang til nødvendig FoU-kompetanse og tilstrekkelig kapasitet til å gjennomføre FoU-oppgavene.
- I hvilken grad prosjektleder har egnet kompetanse og erfaring for å lede FoU-prosjektet.
- I hvilken grad prosjektet har en egnet prosjektorganisering med tydelig og relevant fordeling av budsjett, roller og ansvar.
- I hvilken grad prosjektet fremstår som strategisk forankret hos prosjektansvarlig og bedriftene som er

samarbeidspartnere.

- I hvilken grad budsjettet er realistisk.

Regional relevans

Regional verdiskaping - forventede gevinster/besparelser for virksomheter i Møre og Romsdal etter realisering av innovasjonen.

Regional kunnskapsoppbygging - utvikling av ny kunnskap hos prosjektpartnerne og i hvilken grad den er overførbar og nyttig for andre i Møre og Romsdal.

Regional samfunnsmessig betydning – i hvilken grad prosjektet vil bidra til å løse samfunnsmessige utfordringer i Møre og Romsdal utover de rent økonomiske.

Last ned maler



mal-prosjektbeskrivelse-regionalt-hovedprosjekt-2025.docx



mal-cv.docx



Skjema partneropplysninger for bedrifter.docx



* OBLIGATORISK VEDLEGG

Last ned alle maler



Meldinger ved utskriftstidspunkt 23. april 2026, kl. 15.17 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.